



Til saman er det laga 45 skumgummimodellar. Alle vert stilte ut i utstillingssalen i Kunsthuset Kabuso.

Foto: Bård Valvatne

Vil piffa opp basen

I Kunsthuset Kabuso er Vestlandsutstillinga bytt ut med eit knippe skumgummimodellar av området rundt Ungdomshallen i Norheimsund.

Bård Valvatne
valvatne@hf.no

Modellane er laga av ungdomar i Kvam og syner korleis dei unge ønskjer at uteområdet rundt ungdomshuset skal vera.

Ungdomsbasen held til i kjellaren til ungdomshuset. Utekonseptet i Kvam herad, Siriann Lillevik, ønskjer å pynta området rundt Ungdomsbasen. Årsaka er at dei unge har ein tendens til å forsvinna frå basen så fort våren kjem.

– Mange unge vitjar basen frå oktober til april, men i sommarhalvåret er det stille. I staden er dei unge gjerne i sentrum i Norheimsund. Får me det fint rundt Ungdomsbasen, håpar eg dei unge får lyst til å vera på basen om sommaren òg, seier ho.

Ho drøfta saka med dei unge som sit i styret for Ungdomsbasen, gjerne kalla «dozarane». Dei vart samde om å starta eit

prosjekt der dei unge kjem med innspel til korleis dei vil ha uteområdet.

– Eg har stor tru på at dersom dei unge får vera med på å skapa noko, så fer dei fint med det, seier Lillevik.

Ønskjer seg tak

Torsdag la eit knippe unge siste hand på deiira skumgummimodellar. To av ungdomane som var i sving var, Amalie Eide Aase, som er leiar i Kvam ungdomsråd, og dozar Eirik Botnen.

– Min modell har mellom anna ei trehytte som har tre vegger, men er open mot Movatnet. På den måten vert dei som er i hytta, skjerma for lyden frå vegen, samtundes som ein får nyta utsikta. Hytta er eit par meter over bakken. Eg veit ikkje kor realistisk det er, men det hadde vore kult å få det til, seier Aase.

Botnen har satsa på ei løysing med tak over store delar av området ved Ungdomsbasen. Han har òg laga ei flytebyggje med tak og vegger. Inni skal det vera ei hengkoye.

– Dei to håpar at i alle fall nokre av planane til dei unge vert gjennomførte.

– Me treng eit betre uteområde, og eg trur i alle fall nokre av ideane går an å gjennomføra, seier Botnen.

– Eg håpar og trur at dei vaksne kjem til å høyra litt meir på oss unge når dei lét oss byggja modellar som syner våre idear, seier Aase.

Lærte om kreative prosessar

Prosjektet starta i 2018 med at avdelingsleiar i Kabuso, Sissel Lillebostad, kontakta kunstnar Katrine Meisfjord og spurde om ho kunne sveiva i gang eit sosialt kunstprosjekt i Kvam. Meisfjord byrja leita etter folk som ønskte å skapa nye sosiale møteplassar. Våren 2019 kom ho i kontakt med Lillevik.

Det siste året har Meisfjord hatt fleire samlingar med ungdom frå Kvam.

– Eg har prøvd å læra dei litt om kunstneriske prosessar. Eg har sagt at dei ikkje skal planleggja kva du skal laga, men berre lata det rulla og gå og lata materiala styra prosessen. Me prøver å bryta nokre barrierar for kva eit uteområde kan vera, seier Meisfjord.

Ideen om å laga modellar av skumgummi kom med koronaviruset.

– Då viruset kom, kunne me ikkje ha fleire samlingar. I staden måtte me finna måtar der dei unge kunne ta arbeidet med seg heim på. Modellane vart løysinga, seier Meisfjord.



Ungdomsrådsleiar Amalie Eide Aase meiner dei unge ønskjer seg tak over hovudet, og foreslår mellom anna å byggja ei hytte som skjermar mot støyen frå vegen samstundes som den har utsikt mot Movatnet.

Foto: Bård Valvatne

Til saman har medlemmer av ungdomsrådet, dozarane og elevlar frå Kvam vidaregåande skule laga 45 modellar.

Inviterer til Verkstad

Frå onsdag til søndag 25. oktober vert alle modellane stilte ut i utstillingssalen i Kabuso. Kabuso har gjeve arrangementet tittelen Verkstad. Alle som er interesserte, kan stikka innom og studera modellane. Dei som ønskjer det, kan òg bruka mellom anna lim og måling til å utforska sine eigne kreative sider.

Laurdag 17. og søndag 18. oktober vert det internasjonalt verkstad med kunstnarane Kwestan Jamal Bawan og Katrine Meisfjord. Der vert det felles arbeid med modellane, på språka arabisk, kurdisk, engelsk, spansk og norsk.

20. oktober skal dozarane og medlemmer i ungdomsrådet presentera skumgummimodellane til dei Lillevik kallar flotte gjester.

Fleire lokale og fylkeskommunale politikarar og byråkratar har lova å koma.

Skal byggja til sommaren

Neste sommar er planen at arkitektar, kunstnarar og handverkarar skal samarbeida om å testa nokre av ideane til ungdomane i praksis.

– Planen er å byggja mellombyggje konstruksjonar for å sjå om dette er noko dei unge kjem til å bruka. Me vil ikkje gå i gang med kostbare prosjekt før me ser at det er interesse for dette, seier Meisfjord.

– Eg har ein draum om at me skal få fleire generasjonar til å samarbeida om dette. Kanskje kan pensjonerte tømrarar og andre handverkarar byggja saman med dei unge, seier Lillevik.

Prosjektet har fått pengar frå Hordaland fylkeskommune, Kunst i offentlege rom, Kulturrådet og Kvam herad.